



Det er ikkje så mange bubilar på Rabben i denne påska, men det har sine grunnar

**Då straumen gjekk i kyrkja sist helg gjekk den og i Rabben Feriesenter. Den vart kopla inn att etter 2-3 timar, men Rabben vart tvungen til å innføra restriksjonar som gjeld framleis på grunn av for liten kapasitet i nettet. Brotet kom fordi forbruket vart for stort i det kalde veret. Faktisk var det oppe i 65 kilowatt då det rauk, fortel Rabben-vert Magne Heggøy.**

Rosendal kan melda om 50 parkerte bubilar no i påska medan det er berre 15 bubilar og caravans på Rabben. Heggøy har avvist fleire på grunn av straumsituasjonen og han tillet berre bruk av ladestraum. Til matlaging må gjestene nytta gass.

Men trass i restriksjonane er påskehumøret på plass hos gjestane. I ettermiddag svinga det til dømes skikkeleg mellom bubilane, der ein flokk gode vener frå Bergensområdet heldt til. Venene Jan Ytrearne frå Arna og Vegard Tofting frå Alverstraumen trakterte toradar og gitar og stemningen var god. Dei fortalde at dei representerte eit båtmiljø som har gått på land. Og når det gjeld straumen er det sjølvsagt ikkje problematisk å koka på gass hvis det berre er mogeleg å få tak i han....

Men det er praktiske problem både her og der i denne påska. I båtlaghamna er vatnet problemet og båtfolket er på stadig leiting etter forsyningar..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Jan og Vegard slår til med ein bruremarsj frå Sogn!